

Uskedelingar har kjøpt Hagetunet, skal byggja 10 bustader

04.08.2009



Far og son satsar i heimbygda: Alf og Johannes Hjønnnevåg med teikningane av prosjektet. Dei sit inne i den ledige grunnmuren som dei håper kan nyttast. (Foto: Ola Matti Mathisen)


Tre entusiastiske og idealistiske uskedelingar har no kjøpt Hagetunet av Morten Harsvik og satsar på byggjing av 10 bustader særleg tilpassa eldre.



Dei tre tomannsbustadene skal liggja opp mot Geilo. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Alle bustader vil ha livslaupstandard og altså vera slik innretta at ein kan bu der i alle faser av livet, seier Johannes Hjønnnevåg. Ikkje minst hans far Alf har vore ein kraftig pådrivar for prosjektet og tredjemann bak det er Trond Lekva Myklebust.

Trioen har gjennom selskapet Uskedal Holding kjøpt Uskedal Eigedom av Harsvik sitt selskap Yme Holding.



Dette er vestfasaden på ein av tomannsbustadene.

Kven er så dei tre som tør å satsa så friskt i heimbygda? Alf er tidlegare medeigar i hjørnestensbedrifa Hjønnenvåg. No har han ført over den siste del av aksjeposten på 10 prosent til sonen, som sit i styret. Til dagleg er Johannes salssjef i Harding, som har vore arbeidsplassen hans i 10 år. Trond er nordsjøarbeidar og bonde på Døssland,



Det skal byggjast fire nye bustader oppå den ledige grunnmuren.

Trioen har i lang tid registrert eit klårt behov i bygda for slike bustader som dei no satsar på. Alf seier det slik:
-Eg har teke utgangspunkt i eldres situasjon og stilt spørsmålet: Korleis kan dei klara seg lengst mogeleg heime utan å bli flytta til ein institusjon som til dømes Rosendalstunet? Det kan skje ved at dei får bu på eitt plan og i ein bustad tilrettelagt for rullestolbrukarar. Og alle bustadene som vi skal byggja tilfredsstiller desse krava.



Denne skissa viser kor tomannsbustadene skal ligga.

Dette inneber at Harsvik sitt prosjekt på området er "rigga ned" ein god del. På den ledige grunnmuren i det tidlegare Hagesenteret vil det no bli bygd fire bustader på eitt plan og ikkje åtte i to plan og bruttoareal blir 73 kvadratmeter. I dei tre husa som blir lagt oppe i bakken mot Geilo blir det bygd seks vertikaldelte tomannsbustader på eitt plan istaden for einebustader på tre plan. Maksimal mønehøgd blir her fem meter og bruttoareal 86 kvadratmeter. Med andre ord blir alle dei nye husa låge og til liten sjenanse for nabane.

Alf og Johannes Hjønnevåg har lenge prøvd å finna fram til eit slikt prosjekt. Under møtet på Gamleskulen om aktuelle bustadprosjekt i bygda stod Morten Harsvik fram og sa at han var moden for sal av Hagetunet. Då tok Hjønnevåg kontakt og etter ein lang forhandlingsrunde vart salet eit faktum.

Trioen har i tillegg til å dekka eit betydeleg trivselsbehov også eit sterkt ynskje om å forskjønna sentrum i bygda. Allereie i haust vil dei setja igong rydding av området og klargjera det for byggjing. Prosjektet vil bli utlyst på anbod i nær framtid, men første spadestikket blir truleg ikkje teke før det er seld minst tre av bustadene på grunnmuren eller to oppe i bakken. Interesserte kan ta kontakt med Alf eller Johannes Hjønnevåg.

Det skal bli felles parkeringsareal for dei fire nye leilighetene på muren og dei åtte eksisterande.

Av Ola Matti Mathisen